

Saksmappenr: 2011/3-5
Arkiv: 024
Sakshandsamar: Elise Marie Kringen

Saksframlegg

Valle kommune

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
13/11	Formannskapet	12.01.2011
	Kommunestyret	

Høyringsuttale til ny folkehelselov

Rådmannen tilrår:

Formannskapet/kommunestyret vedtar høyringsuttale til ny folkehelselov.

Saksprotokoll i Formannskapet - 12.01.2011

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Formannskapet/kommunestyret vedtar høyringsuttale til ny folkehelselov.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Helse og omsorgsdepartementet sendte 8. oktober ut på høyring framlegg til ny folkehelselov. Høringsfristen er 18. januar 2011.

Planen er at lova skal vedtas i Stortinget våren 2011 og sett i verk frå 01.01.2012.

2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Framlegg til Lov om folkehelse legg eit større ansvar på kommunane på følgjande område:

- Ansvar for folkehelsearbeid vert lagt til kommunen. I dag ligg ansvaret i kommunen si helseteneste. Framlegget inneber at kommunen skal bruke alle sine sektorar for å fremme folkehelsa, ikkje bare helsesektoren.
- Kommunen skal fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna for å møte kommunen sine egne helseutfordringar. Mål og strategiar skal vere forankra i planprosessane etter plan- og bygningsloven.
- Kommunen skal sette i verk naudsynte tiltak for å møte lokale utfordringar.
- Kommunen sitt ansvar for å ha oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar dette blir konkretisert slik at ein får eit tydeleg bilete av kva som er dei lokale helseutfordringane i den einskilde kommunen. Statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunane skal gjere opplysningar tilgjengeleg og støtte kommunane.
- Eu drøfting av kommunen sine helseutfordringar skal mellom anna danne grunnlag for lokal planstrategi. På same måte skal ei drøfting av fylket sine helseutfordringar bli ein del av regional planstrategi.
- Dei store folkesjukdomane krev fornya og samla innsats i alle dei røde sektorane.

3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

Nytt lovverk vert ein del av den kommande samhandlingsreforma.

4. Vurderingar

Sammendrag

- Kommunane sluttar seg til framlegget til ny folkehelselov som retter seg mot alle forvaltningsnivå og sektorar/faktorar som påverkar innbyggjarane si helse.
- Det vert rådd til at midlar til folkehelsearbeid og i tilhøva til helse og omsorg vert overført gjennom rammeoverføringane til kommunesektoren. Ei eventuell øyremerking av midlar er berre aktuelt i ein innføringsperiode.
- Ei auka satsing på folkehelsearbeid bør være ein del av ein ny handlingsplan (opptrappingsplan) slik at både fylkeskommunar og kommunar har moglegheit til å planlegge, implementere og gradvis sette i verk aktuelle tiltak.
- For å styrke folkehelsefeltet er det heilt avgjerande at styrkinga vert fylgd opp med økonomiske midlar.
- Fastlegen sitt ansvar og rolle i folkehelsearbeidet bør presiserast meir tydeleg enn realiteten er i dag. Denne klargjeringa kan med fordel takast inn i den nye forskrifta til lova. Kommunane ser at krav om samordning på tvers av ulike sektorar og fagområde ikkje gjenspeilar seg på statlig forvaltningsnivå. Ansvar for det tverrsektorielle folkehelsearbeidet bør ein derfor vurdere å flytte ut frå Helse- og omsorgsdepartementet over til eksempelvis Kommunal- og regionaldepartementet, fordi folkehelsearbeid har store samfunnsmessige konsekvensar.
- Folkehelsekompetansen i kommunen må vektleggast. Folkehelsekoordinatoren i kommunen har en svært sentral rolle for å samordne kommunane sin innsats, men det bør ikkje være en lovpålagt funksjon.

· Uttrykte vedlegg:

· <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer/hoeringsdok/2010/horing1/hoeringsbrev.html?id=621032>

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer.html?id=1904>

Valle, den 09.01.2011

Elise Marie Kringen
Konst. rådmann